

Saksnr F 2/2015	Sak Uttale til framlegg frå Bjørgvin bispedømeråd om overføring av Mo sokn frå Nordhordland til Hardanger og Voss prosti.	Møtedato 13.01.2015
		Sakshandsamar: H. Farestveit

Dokument i saka: 1. Bjørgvin bispedømeråd, dagsett 05.11.2014
2. Bjørgvin bispedømeråd, møteprotokoll sak 036/2010 vedr. omfordeling av presteressursar i prostiet.

Bakgrunn:

Eg syner til ovannemnde saksdokument nr. 1, 3. avsnitt:

«Prosti som ikkje vil få endra dei samla presteressursane i prostiet, skal vurdere om det er trong for å endra fordelinga av prestetenesta innan prostiet».

Utgangspunktet for framlegget er trong for omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti som fylgje av sterk folketalvekst i Meland/Knarvik-området og nedgang i distrikta. Ny kyrkje i Knarvik med gudsteneste kvar søndag har aktualisert saka ytterlegare.

Det ligg no føre eit konkret framlegg om at presteressursane i Solund, Gulen og Mafjorden skal reduserast frå 300 til 200%. Spørsmålet som er ute til høyring er korleis dette skal gjennomførast i praksis.

Eg kan ikkje sjå at Bispedømerådet i sitt vedtak frå 2010 har peika på endring av prostigrensene som eit verkemiddel for å presteressurskabalen til å gå opp. I rådet sitt vedtak er det føresett at dette skal gjerast ved ei omfordeling innad i prostiet. Jfr. dokument 2, pkt. 5 og 7c.

At det i denne saka er vanskeleg å finna ei god løysing, vert tydeleggjort ved at det no vert presentert eit alternativ der Mo sokn vert fjerna frå Nordhordland prosti og overført til Hardanger og Voss. Om dette vil medføra ein reduksjon i «våre» presteressursar er for tidleg å sei, men for sokna i Vaksdal (5) vil det verta eitt sokn meir å dela presteressursane (200%) på. Alternativet har slik ordlyd:

«Dersom Mo sokn (Modalen) går til Hardanger og Voss prosti, eit samarbeid med Vaksdal eksisterer allereie på «ein del område, kan omfordeling i Nordhordland verta enklare ved at soknepresten i Ostereidet og Vike sokn «også vert ansvarleg for Sandnes sokn. Då kan presten i Solund også ha ansvaret for Brekke sokn og presten i «Gulen ha sokna Frøyset og Solheim i Masfjorden i tillegg til Gulen og Mjømna sokn.

Bjørgvin bispedømeråd ber etter kyrkjeverga si vurdering om svar på kva vi meiner om å verta overført til Hardanger og Voss prosti, og ikkje vårt syn på korleis prestetenesta skal organiserast lenger nord og vest i prostiet.

Litt historikk.

Modalen har heilt sidan kristendomen vart innført vore knytt til Osterfjorden, og fram til 1749, til hovudkyrkja på Hamre. Kyrkja på Mo er fyrste gong nemnt i kjelder frå 1382.

I 1749 vart Hamre prestekall delt, og vi fekk Hosanger og Hamre prestekall. Mo sokn vart lagt under Hosanger.

Denne inndelingastod ved lag til 1966 då Osterfjorden prestegjeld vart skipa med sokna Ostereidet, Vike og Mo.

At Modalen heile tida har vore ein del av kyrkja i Osterfjorden, har si naturlege årsak i at sjøen var den viktigaste ferdsløvegen. Ny veg frå Modalen til Romarheim, opna i 1996, har medført at mødølene i dag har meir kontakt mot Lindås/Knarvik-området enn nokon gong tidlegare. Før 1996 var einaste veg-alternativet ut av Modalen gjennom Vaksdal. Parti med svært låg vegstandard, særleg frå Eidsland til Straume i Vaksdal, samt Knarvik sin vekst som handels- og regionsenter, har medført at denne veggen no vert lite nytta av modølene.

Mo sokn i dag.

- Mo sokn har historisk sett vore relativt isolert, og er det i ein viss mon også i dag. For soknet vårt er det ordinert 12 gudstenester pr. år, i tillegg kjem presten si teneste på Modalstunet (alders- og sjukeheim). Tidlegare samarbeidde vi med Ostereidet om kateket, vår andel var 25%. Kateketen har no slutta i stillinga, og frå hausten 2014 har vi hatt eigen trusoplærar i 33%. Konfirmantundervisninga er ein viktig del av hennar arbeidsområde. Elles har Osterfjorden har eit kyrkjelydsblad som vi deltek i. Vi har ikkje eigen organist og er avhengige av å leiga inn sjølvstendig næringsdrivande.

- I skrivet frå Bjørgvin bispedømeråd er nemnt at Mo sokn har eit samarbeid med Vaksdal på fleire område. Samarbeidet er beskjedent, og mest ein naturleg konsekvens av at elevar frå nedre del av Eksingedalen p.g.a. lang reisetid til eigne tilbod, går på skule i Modalen. Desse elevane får konfirmantundervisning hjå oss. Samarbeidet går også litt andre vegen ved at våre konfirmantar deltek på konfirmantleir i Vaksdal.
- Når det gjeld Masfjorden, utgjer Modalen og Masfjorden ei trusopplæringseining. Vi har felles mentor for arbeidet med trusopplæringsplanen, og i den samanhengen møtest vi nokre gonger i året. Elles er Mo sokn, til liks med andre sokn i Nordhordland, medeigar i Fjon fjellkyrkje.

Interkommunalt samarbeid.

Nordhordland:

Før vi fekk vegsamband til Romarheim og E-39, orienterte kommunen seg ein god del mot Vaksdal og Voss. Dette er i dag heilt omsnudd. Modalen kommune er med i eit omfattande regionsamarbeid i Nordhordland. Det vil føra for langt å lista opp detaljert alt vi deltek i, men her nokre stikkord:

- Modalen kommune medlem i Nordhordland Regionråd
- NGIR (renovasjon)
- IKT Nordhordland - digitale kontorstøttesystem (innkjøp, drift og support off. forvaltning)
- Brannvern og –tilsyn
- Felles landbrukskontor med Meland kommune
- Modalen er ein del av Nordhordland lensmannsdistrikt
- Helsesektoren (legevaksamarbeid, ambulansenestea, helsehus, psykisk helse, jordmortenesta)
- Biblioteksamarbeid
- Mo skule deltek i Nordhordland sitt kurs- og rådgjevingsarbeid. 2/3 av våre ungdommar tek vidaregåande skule i Knarvik eller Åsane

Vaksdal:

Vaksdal kjøper plass i Mo skule og Modalen barnehage for dei som har for lang veg til eigne tilbod i heimkommunen. Gjeld midtre og nedre del av Eksingedalen. Elles har vi samarbeid om PPT og barnevern. Vaksdal eig 4 plassar på Modalstunet (alders- og sjukeheim).

Oppsummering.

Modalen som lokalsamfunn har heilt sidan vegen til Ostereidet kom i 1996 orientert seg mot Nordhordland og Bergen. Det er lite som tyder på at denne utviklinga vil snu, kommunereforma som skal gjennomførast vil truleg gjera det naudsynt med enno meir og tettare samarbeid mot Nordhordland enn vi alt har.

For kyrkja i Modalen har det ikkje vore så store endringar. Det er likevel gode grunnar for å hevda at samhandlinga ut etter fjorden vil auka på etter kvart, ikkje minst når vi ser det omfattande offentlege samarbeidet som no har kome på plass på svært kort tid.